
Saksnr: 2021/20039-4
Saksbehandlar: Øystein Monsen
Dato: 20.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Varsel om oppstart av fredings sak for Sandviksbodene 12-24

Vestland fylkeskommune har sett i gong fredings sak for Sandviksbodene 12-24, med heimel i lov om kulturminne §§ 15 og 19, jf. § 22.


Fredingsforslaget etter § 15 omfattar følgende bygningar:

Sandviksbodene 15 A, 15 B, 16, 17, 19 A, 19 B, 20, 21, 23, 24 og 12-13.

Forslaget omfattar eksteriøret og interiøret til bygningane. Det inkluderer hovudelement som planløsning, materialbruk, overflatebehandling og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredingsforslaget kan også omfatte eit større område rundt bygningane, som er tenkt freda etter § 19 i kulturminnelova. Føremålet er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet, og sikre at nye tiltak i området tek omsyn til opplevinga av sjøbumiljøet. Dette området omfattar sjøarealet framfor buene, inkludert eit areal utanfor «Tangen» (fyllinga framfor bod 16 og 17), arealet mellom buene og Sjøgaten og eit areal utanfor buene i sør og nord. Nøyaktig avgrensing av § 19-området skjer gjennom arbeidet med fredingsforslaget.

I samsvar med lo
kunngjort i Berge
være fylkeskomm



dingssak bli
ngsforslaget må

Etter at fristen for innspel til varsel om fredingssak er ute vil Vestland fylkeskommune utarbeide ein framdriftsplan for arbeidet med fredingssaka, gjennomføre ei dokumentasjon av anlegget og utarbeide eit forslag om freding av Sandviksbodene 12-24. Forslag om freding vert så sendt på høyring til dei berørte partane og lagt ut til offentleg ettersyn. Høyringa av forslag om freding vil bli lagt fram for hovudutvalet som ei PS-sak. Deretter vil det bli handsama i Bergen bystyre før endeleg forslag om freding vert utarbeida. Det endelege forslaget om freding vert lagt fram for hovudutvalet før det vert sendt over til Riksantikvaren for vedtak. Det er Riksantikvaren som har mynde til å gjere vedtak om freding av Sandviksbodene 12-24.

Den mellombelse fredinga står ved lag inntil fredingssaka er ferdig handsama. Dette inneber mellom anna at ein må søke kulturminnestyresmaktene om løyve til å sette i verk alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald.